Blad i postabonnement

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

# "Syng deg glad" -kveld



## Astrheim kyrkje søndag 17. sept. kl. 1930

Det vert servert kaffi, te og noko å bita i.
Kollekt. Alle er hjarteleg velkomne

Arr. Austrheim Sokneråd ved Syng deg glad komiteen

AUGUST NUMMER 6 - 2017 - 46 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 12.SEP. 2017



# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## KYRKJESKYSS

**Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?**

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd


**Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim**
**Tlf. 56 16 72 90**
E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no
www.austrheimkyrkja.no


**Kontortider:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest: | Trefftid etter avtale |
| Kyrkjeverje: | |

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest Per Børge Hillestad | 93 44 29 19 |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn | 41 66 26 10 |


**KYRKJEBAKKEN**
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*

**Redaksjonen**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Austrheim sokneråd |
| Redaktør: | Svein T Villanger, |
| Redaksjon: | Jorunn Kårdal. |
| Bankgiro: | 3490.07.04196 |
| E-post: | kyrkjeba@online.no |
| Adresse: | 5943 Austrheim |
| | |
| Trykk og Design | Trykk-Service as |


# Gudstenester
## I AUSTRHEIM SOKN

**Fredag 08.september kl 18.00**
- Gudsteneste for alle
ved Per Børge Hillestad

**Søndag 10.september kl 11.00**
- Gudsteneste ved Per Børge Hillestad

**Fredag 22.september**
- Pyjamasfest for 3-åringar kl 17.30

**Laurdag 23.september**
- Bollefest for 4-åringar kl 15.00

**Søndag 24.september**
- Barnas festgudsteneste kl 11.00
ved Nils Arne Lavik
Utdeling av bok til 3- og 4-åringane

**Søndag 01.oktober**
- Eldregudsteneste
kl. 11.00 ved prost Geir Sørebø

**Søndag 08.oktober**
- Gudsteneste kl. 11.00
ved Per Børge Hillestad
Presentasjon av 50-årskonfirmantar












# Døperen Johannes

**Det finnes en statue som forestiller døperen Johannes. Det finnes mange, men den jeg tenker på, er litt spesiell. Den viser døperen som peker med en diger pekefinger. For å vise at det var det som var hans viktigste oppgave. Å peke. Gå til side, og peke på Jesus. Døperen Johannes hadde en viktig rolle, og mange kom til ham. Han hadde flere disipler, som fulgte ham og ville lære av ham.**



Johannes brukte hele livet sitt til å peke på Jesus. Han ryddet vei, og han lagde plass til Jesus i menneskenes liv.
Jeg tenker at det å gi plass for Jesus, er å se at det å leve i tro har med relasjon å gjøre. Jeg og Jesus, som gir og får av hverandre. Eller noen ganger bare at vi gjerne vil at det skal være noe mellom oss.
Jeg vil si noe om lengsel!
Vet du hva du lengter etter? Hva du egentlig vil. Hva som bor under alle de behovene som du kan tilfredsstille på en rask og enkel måte. Under sulten, under tørsten, under behovet for en ren bil og nye ting, ny jobb og en spennende ferie?
Hva lengter du etter?
Vil du ta deg tid til å kjenne etter?
Vil du dele det med Gud?

**Jeg vil si noe om stillhet!**
Vi har nok alle litt forskjellig forhold til stillhet Den kan være god, og den kan være vond. Den kan være befriende, og den kan være kjedelig. Den stillheten jeg vil si noe om, er ikke nødvendigvis det samme som lydløshet. Det er en stillhet som vi også kan finne midt i rushtrafikken, midt i en bråkete by, på en rockekonsert.

Det er en stillhet som handler om å legge vekk min egen støy i noen minutter. Legge vekk mine egne tanker, min egen vilje, alt jeg har lyst til si. En stillhet som åpner meg for Jesu tanker, for Guds vilje og for det Han har lyst til å si. Jeg snakker om en indre åpenhet og forventning. Om å gjøre seg tom, om å være fattig i ånden. Om å vente på Jesus, egentlig. Rette lengselen mot Gud. Han skal vokse, jeg skal avta.

Nå har jeg sagt noe om stillhet og bønn, og jeg vil ikke si så mye mer. **Jeg vil peke på Jesus, og si: Gå til ham. Del det du har i deg med ham. Gi plass til ham, og ta imot det han vil gi.**

***Per Børge***



# Kyrkjebøkene i Austrheim



LIVSHJULET

## Døypte

| | |
|---|---|
| 25. Mai | Maria Elena Børve Vikene |
| | Maren Birknes Hoff |
| 04.juni | Eira Aurora Lerøy Gabrielsen |
| | Sivert Lohne Severin-Andreassen |

## Gravlagde

| | | |
|---|---|---|
| 09.06 | Kjellaug Brügger | f.1936 |
| 16.06 | Svein Gunnar Nesse | f.1951 |
| 20.06 | Andreas Bertin Strandheim | f.1924 |
| 30.06 | Målfrid Lillian Oppedal | f.1936 |
| 07.07 | Kristine Johanna Thedora Helgø | f.1938 |
| 19.07 | Magne Tangen | f.1961 |



## Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2017

| | LEVERINGSFRIST | KB KJEM UT |
|---|---|---|
| Nr. 07/17 | 12. september | 28. september |
| Nr. 08/17 | 10. oktober | 26. oktober |
| Nr. 09/17 | 14. november | 30. november ( julenummer) |



## Takk

Vår varmeste takk til familie og venner for blomster og kranser og gode ord. Spesiell takk til Per Børge for det du har betydd for mor og for oss døtrene.
Takk til Jostein for fin sang.
Takker også Nordliheimen for god pleie og omsorg. Takk for fin minnegave til misjonen.

***Varme tankar ,***
***Klara, Bjørg og Gunnveig.***

## Takk

Takk til Austerheim Diakoninemnd for rosa jeg fikk til 81 årsdagen
Gustav J.Lunde.

# 50 års konfirmantar

11.juni 1967 vart 18 gutar og 16 jenter konfirmerte i Austrheim kyrkje. Prest var Tore Tangen. 8.oktober vert det invitert til gudsteneste og festleg samvær etterpå. Dei av jentene som har bytta etternamn står oppført med sine jentenamn først og noverande etternamn i parantes.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gro Åslaug Sørensen | (Eikeland) | Ove Helland | |
| Anne Margrethe Sætre | (Mongstad) | Åge Johan Austrheim | |
| Øygunn Brügger | (Landro) | Bjørn Arve Nordgard | |
| Gunn Marit Austrheim | (Korsvold) | Stig Stellberg | |
| Erna Jolaug Sætre | (Nordbø) | Atle Erik Hedstrøm | |
| Irene Norebø | (Vemmelvik) | Håkon Øksnes | |
| Reidun Johanne Dyrnes | | Olav Edvin Rørtveit | |
| Aud Sætre | (Borgund) | Atle Haldorsen | |
| Jorunn Laila Kårdal | | Toralf Sætre | |
| Randi Torunn Sætre | | Harald Bauge | |
| Svanhild Ludvigsen | (Winther) | Johan Olav Fonnes | |
| Sissel Iversen | (Minde) | Jardar Leirvåg | |
| Aud Sigrun Tresvik | (Fonnes) | Harald Odd Sognnes | |
| Bjørg Tresvik | (Njøten) | Åge Utkilen | (død) |
| Frida Jorunn Fonnes | | Gunnar Ruus | (død) |
| Anne Fonnes | (Kårdal) | Jonny Fjellstad | (død) |
| Roald Johan Sætre | | | |

# Min salme



Eg fekk spørsmål frå Jorunn Kårdal i KB redaksjonen, om eg kunne tenkja meg å skriva om "Min salme". Ja, det kan eg godt, svara eg litt for kjapt, for eg tenkte det var no berre å skriva om ein av dei mange flotte tekstane i salmeskatten vår.
Men, det var så mange salmar som ville vera med då eg skulle velja. Salmar som har betydd ulikt til ulik tid, og salmar som ligg djupast i minnet heilt frå barndommen av. Både ho mor og ho "bestemor" på Solen hadde eit rikt reportuar som eg som lita jente vart del av, og nokre salmar sette større spor enn andre.

**"Min salme" vart til slutt "Alltid freidig når du går".**
Ein liten og enkel salme med eit stort innhald, eigentleg skriven av Christian Richard i 1867, til eventyret "Tornerose", men den fekk eit eige liv som kjær salme for mange. Denne salmen rommar noko for oss alle, uansett kva livsfase vi er i ; konfirmanten som skal ut i verda, brudeparet som skal starta si livsferd i lag og i gravferda når siste kampen er kjempa.Då eg var lita, og lysten til å gå på skulen ikkje kvar dag var like påtrengande, så kan eg hugsa at eg tok den raude ranselen i handa og sa til ho mor : "Ha det ! Alltid freidig når du går", og så gjekk eg avstad. Dette gløymde ho mor aldri...

Seinare har salmen fått ei anna meining for meg, enn den konkrete tydinga eg som lita jente la i desse orda. Det har til tider vore mange prøvingar for meg og mine så langt i livet, og sjølv om eg ikkje er den hyppigaste gjesten i kyrkja, så har det gjeve ein tryggleik å ha "eit Fadervår i pakt", og eg vil fortsetja å kjempa for alt som eg har kjært. Håper desse s
almeversa vert nytta flittig også i framtida, og kan vera med å halda motet oppe hjå fleire i vanskelege tider.

***Alltid freidig når du går,***
***Christian Richard 1867***

**Alltid freidig når du går**
**veier Gud tør kjenne,**
**selv om du til målet når**
**først ved verdens ende!**

**Aldri redd for mørkets makt!**
**Stjernene vil lyse;**
**med et Fadervår i pakt**
**skal du aldri gyse.**

**Kjemp for alt hva du har kjært,**
**dø om så det gjelder!**
**Da er livet ei så svært,**
**døden ikke heller.**

***Linda Syslak***









# LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

**Søndag 3.sept** kl 11:00 **Møte** m/sanggruppa Firklang

**Lørdag 16.sept** kl 09:00 – 12:00 **Bønn og Faste**

**Søndag 17.sept** kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg

**Fredag 22.sept** kl 18:00 **BASAR**

**29.sept – 1.okt** kl 11:00 **Møtehelg:** Hans Martin Skagestad

---

## Ungdomskvelder

Fredag 1.sept kl 19:30

Fredag 15.sept kl 19:30

Fredag 29.sept kl 19:30

Lørdag 30.sept kl 19:30

fra 7.klasse

## Bønnesamlinger

Onsdag 6.sept kl 19:00

Onsdag 19.sept kl 19:00

Onsdag 26.sept kl 19:00

## Vil du bli speider?

**Royal Rangers Austrheim**

har opptak av nye speidere

fra 2.klasse og oppover

**Tirsdag 5.sept kl 17:00**

Kontakt: janettalberg@hotmail.com

Tlf 98613252



## Austrheim Samfunnshus

# BASAR

**Laurdag 16.9. kl. 16.30**

Åre-sal og trekning
av loddbøker
Bevertning
og litt underholdning

Arr. Eigarlaga av Samfunnshuset

# ÅRÅS SUNDAGSSKULE

## Søndag 3. september

SØNDAGSSKOLEN Jesus til barna

**starter Søndagskolen opp igjen etter ferien.**
**Vi begynner kl 19 og er sammen i ca 1 time.**

**Da synger vi, har andakt, aktiviteter og kveldsmat.**
**Du finner oss på Årås Bedehus, på loftet.**

**Neste samling blir 17. september. Vær obs på klokkeslettet**

***Vel møtt Hilsen Hanne***



# Presentasjon av Mia Krüger Etokebe

Det er no på tide å få presentert Mia. Ho har allereie vore her i 1 år, i ei midlertidig stilling som konfirmantlærar i 25% stilling.
Vi har allereie engasjert henne i ei ny midlertidig stilling i 45 % for det komande året. Det meste av stillinga vert finansiert av trusopplæringsmidlar. Mia bur på Fedje og jobbar der som kyrkjeverje i ei deltidsstilling.

Mia skal dette året driva med konfirmantar og trusopplæring overfor andre aldersgrupper. Vi har tidlegare hatt Wilco Vogelaar tilsett i Radøy, Austrheim og Fedje som trusopplærar. Han jobbar no utelukkande i Radøy og difor har Fedje og Austrheim sokn inngått eit samarbeid om å ha trusopplærar i 45%, for dette året som kjem.
Lesarar av Kyrkjebakken har fått med seg at vi ønskjer å få til eit samarbeid om ein kyrkjelydsprest saman med Fedje sokn. Trusopplæringsmidlane vil vera med på å finansiera ei slik stilling i kombinasjon med fast gjevarteneste. Vi nærmar oss realisering av ei slik stilling. Men i påvente av dette er vi avhengige av å ha tilsette som kan og vil driva med trusopplæring. Vi er glade for at Mia ville søkja og at ho har sagt ja til å vera med på laget.

***Her kjem Mia sin presentasjon av seg sjølv:***

# Presentasjon av Mia

Utdanna kateket og har jobba som det sida 2004. Jobbar mye med konfirmantar og alt anna som har med barn og unge i kyrkja å gjere. Eg har jobba med ungdomsarbeid i kyrkja sida eg var ungdom sjølv, og det var nok ingen overrasking at eg vart kateket.



Eg trives godt saman med ungdom og eg ønskjer å formidle ein kjærleg Gud, både i undervisning og i liv. Eg håper at Gud kan virke gjennom meg slik at barn og unge kan få øye på vår kjærlege Gud og at dei får eit ønske om å følgje Jesus og lære meir om Gud.

Eg er 38 år, er gift og har tre jenter. Eg liker å synge, danse, drive med teater og sjølvsagt liker eg å undervise.

Eg bur på Fedje og har gjort det sida oktober 2013. Vi trives veldig godt i havgapet. Fedje har alltid vert mi feriestad frå eg var barn. Min mor kjem frå Fedje. Før vi flytta til Fedje har eg budd og jobba i Bærum i 5 ½ år, før det jobba eg i Hardanger og i Arna. Eg har flytta mye rundt i mitt vaksne liv, og har sett ungdomskulturene frå innsida på alle stadene og det er artig å sjå på likskap og ulikskap frå stad til stad.
Det er mye likt 😄



Nytt tilbod
Oppstart 04.sept





# Babylunsj

## Kyrkjelydshuset

## Mandagar kl 11.00 - 12.30

## i partalsveker

Sosialt samvær - leik - musikk - m.m

Ta med deg nistepakke.
Du får kaffe, te og juice



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

• Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning • Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank • Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583




BOSCH Service

**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik

**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller

**SKARSVÅG**
**Rør og Interiør as**

MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag,Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

*Alla Kurinna og Rieko*

MNTF

***Tannlege***
***Otto Førde***
***i Mongstadkrysset***

*Jeg tar imot nye pasienter*
*og yter akutt hjelp.*

***Telefon vakt 56 16 98 35***

**Per Kenneth Bø**
BYGGMESTER

**Panasonic**
**Varmepumper**

5937 BØVÅGEN
**Mob. 481 31 534**
**byggboe@online.no**

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til
med rådgivning og
tilrettelegging ved
begravelser og
bisettelser.

**Ring døgnvakt:**
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5911 Isdalstø

**Gravminner**

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
**Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87**

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:
**Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00**
**Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00**
**Tlf.nr. 56 16 20 07**

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

### FONNES FILIAL:
**Torsdag kl. 14.00 -19.00**
**Tlf.nr. 56 16 83 11**



E-post:
fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

***God bok***

## BASSENGET PÅ KALAND:

**Vi er ikkje heilt i mål med renoveringa på Kaland skule, men kan glede oss til oppussa garderobar.**

Symjehallen er også delvis renovert. Dersom arbeidet går som planlagt, kjem vi til å opne bassenget i midten av oktober.

***Austheim kommune***

## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

| | |
|---|---|
| **1/1 side + bakside** | **kr. 1.000,-** |
| **3/4 – 2/3 side** | **kr. 750,-** |
| **1/2 side** | **kr. 500,-** |
| **1/3 side** | **kr. 350,-** |
| **1/4 side** | **kr. 250,-** |
| **Små annonser** | **kr. 150,-** |

**Korte takkeannonsar er gratis.**

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
**Legevakt 116117**

**Austrheim legekontor**
Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
**Kl.08.30 - 15.00.**
**Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**Årås helsestasjonen**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11
**Jordmor:**
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:** 56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)




Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

**Vi tilbyr også**
• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING
Knut Owe Larsen | 90 17 16 24 | www.knutercatering.no



*Oppussing av gravmonumenter*

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887


GIVING HOPE TO A CHILD

**Giving Hope to a Child støtter no to skular i Liberia:**

**Barneskulane Vartekeh og Valley-Ta.**
**Til saman støtter vi 120 barn med skulepengar, skulemateriell, bøker og skuleuniform.**
**Vi skal også etablere bibliotek og solcelleanlegg på begge skulane.**
**Barne treng di støtte:**
- **Teikne deg som fadder (Sjå heimesida)**
- **Teikne deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrot-ordning.**
- **Eller gje ei gåve, konto 3632 57 54065**

For meir informasjon sjå heimesida vår: www.givinghope.no eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth* (Styreleiar)
*Tove Odland* Styremedlem — *Jusu Gyflan* Styremedlem — *Ole Moen* Forretningsfører




Vi kan tilby overnatting i rorbuer, hytter, leiligheter og rom på vertshuset. Restaurantane våre, Salongen og Naustet er godt eigna for søndagsmiddag, familiesamankomster, konfirmasjon, bryllaup og andre store begivenheter som skal feirast.

Utleige av båtar og syklar
Vi tilbyr også catering og overtidsmat.

***Kilstraumen Brygge***
***post@opplevaustrheim.no***
***Mob. 948 53 975***


## SLØYDKURS

**På Løeloftet**
**Frå 5.klasse**
**FEM ONSDAGAR**

**Start: 13. september 2017**
**Kl. 17.30 – 19.30**

**Mathias 91379306**

**Årås Sanitetsforening og Vesttun Gard**



## Babylunsj



No i haust startar me opp med småbarnstreff. Me samlast annankvar mandag i kjellaren på kyrkjelydshuset frå kl 11.00 til 12.30. Dette er eit tilbod for alle som er heime med borna sine og vil ha eit fellesskap for både seg sjølve og for borna. Det blir leik, musikk og sosialt samvær for store og små.

Ta med nistepakke.
Du får kaffe, te og juice
Oppstart: Mandag 04.september

Håpar du kjem !

# KONFIRMANT 2018

**No er allereie konfirmantåret i gong. Førre helg vart konfirmantane presentert i Austrheim kyrkje. Me startar litt tidlegare med presentasjon og undervisning enn tidlegare år. Grunnen til det er at konfirmasjonen er flytta frå siste helga i august til siste helga i mai. Det betyr at i 2018 vil årets kull konfirmerast søndag 27.mai.**

**I mange år har me brukt Kristuskransen som undervisningsopplegg, noko som vi vil fortsetje med. Her arbeider me oss gjennom perle for perle. Den 29.april kan du få sjå ein del av det konfirmantane har arbeida med gjennom året. Då er det samtalegudsteneste, ei gudsteneste for heile kyrkjelyden. Det er flotte ungdomar som skipar til ei fantastisk gudsteneste der dei presenterer Kristuskransen for oss. Det må du få med deg!**

**Gjennom året skal konfirmantane mellom anna ha samlingar i kyrkjelyshuset, delta på gudstenester, samle inn pengar til fasteaksjonen og reise på leir til Raknestunet. Hugs på konfirmantane og familiane deira i bøn gjennom dette året.**






# DEN STORE BARNEHELGA

## 22.-24 september



### Det heile startar fredag med pyjamasfest for treåringane!



Her blir alle treåringar I Austrheim invitert til å komme med sin finaste pyjamas og med kosebamsen sin.Kyrkja vert pynta for anledninga, og det vert til og med ei seng foran altarringen. Her skal me synga nattasongar, fortella nattafortelling, ete deilig kveldsmat og vere med på ei lita kyrkjevandring.

### På laurdag er det fireåringane sin tur. Då blir det bollefest!

Vi skal selvføgelig ha boller og saft.
Så skal me sjå litt på 4-årsboka som skal delast ut søndagen. Du får di eiga aktivitetsbok, me skal synga kjekke songar, og me skal få høyre ei kjekk fortelling. Kanskje du til og med får prøve å spele på orgelet.





### På søndag er det Barnas festgudsteneste i Austrheim kyrkje.

Denne gudstenesta er ei familiegudsteneste der 3-åringane og 4-åringane skal få utdelt si bok denne dagen. Her får sjå litt frå kva dei har gjort tidlegare i helga. Ei flott gudsteneste for store og små.

Det kjem invitasjon i posten til pyjamasfesten og bollefesten. Du kan og melde deg på via www.austrheimkyrkja.no.




